

Bergen, 21.6.1983  
OM/TBR

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 76/83.

FØRESEGNER OM REGULERING AV FISKE ETTER SILD I NORDSJØEN I 1983.

Med heimel i §§ 1 og 37 i lov 25. juni 1937 om silde- og brislingfiskeria jfr. kgl. res. 17. januar 1964 og 8. januar 1971 og § 10 i lov 16. juni 1972 om reguleringa av deltakinga i fisket jfr. kgl.res. 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 16. juni 1983 fastsett:

§ 1

Frå 17. juni kl 2400 og ut 1983 kan norske ringnotfartøy utafør fiskerigrensa fiske:

- a) inntil 11.200 tonn sild i ICES statistikkområde IVa og
- b) inntil 7.300 tonn sild i ICES statistikkområde IVb vest av 3<sup>o</sup> ø.l. til menneskemat.

Frå 1. oktober og ut året kl 0000 kan norske ringnotfarty fiska

- a) inntil 1.000 tonn sild i ICES statistikkområde IVa og
- b) inntil 4.000 tonn sild i ICES statistikkområde IVb vest av 3<sup>o</sup> ø.l. til menneskemat.

§ 2

Fiskeridirektoratet kan stogge fisket for de ulike kvoter når desse er pårekna tatt.

§ 3

Konsesjonspliktige ringnotfarty kan ikkje levere meir enn 1.500 hl pr. tur og ikkje konsesjonspliktige farty kan ikkje levere meir enn 800 hl pr. tur.

Fiskeridirektøren kan stogge fisket for ikkje konsesjonspliktige farty når desse har tatt 1.500 tonn.

Farty som frys fangsten på feltet kan levera inntil 3.000 hl pr. tur.

Noregs Sildesalslag kan innafor turkvoten nemnd i første stykke fastsetja lågare turkvote og turnordning med heimel i § 5 jfr. § 6 i lov av 14. desember 1951 om omsetjing av råfisk.

§ 4

Farty som skal delta må melda seg til Noregs Sildesalslag eller Feitsildfiskernes Salgslag før utseiling.

## § 5

Det er forbode å ta opp av sjøen, låssetja eller omsetja sild under 20 cm.

Utan hinder av forbodet i første stykke kan ein kvar landing ha inntil 10 % i vekt av sild under 20 cm.

## § 6

Fiskeridirektøren kan i særlege tilfelle etter søknad gje løyve til oppmaling for heile eller delar av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat eller agn.

## § 7

Fiskeridirektøren kan gje nærare føresegner om gjennomføringa og utfyllinga av desse føresegnene, også reglar om prøvetaking og kontroll av fangstane

## § 8

Forsettlege eller aktlause brot på desse føresegnene vert straffa med bøter med heimel i § 11 i lov 16. juni 1972 eller § 80 i lov 25. juni 1937.

## § 9

Desse føresegnene tek til å gjelda straks.

-----